

OPPMODING OM AUKA ØKONOMISK STØTTE TIL ORGANISASJONSEIGDE KULTURHUS I VALPROGRAMMET

Dei organisasjonseigde kulturbygga, ungdomshusa, grendehusa, samfunnshusa, bedehusa og bygdehusa, er levande kulturarenaer og er i stor grad finansiert med dugnad og frivillig innsats. Desse husa betyr mykje for samhald og identitet i små og større bygder og byar. Dei bidreg med kulturproduksjonar, gjev lys i vindauga og aukar bulysta mange stadar. Dei siste åra har det òg skjedd særskilt mykje positivt kring desse husa. Mange hus opplever fornya engasjement, og dei vert brukt dagleg i lokalsamfunna.

Støtte til lokale kulturbygg er difor eit svært kostnadseffektivt og målretta tiltak for å dra nytte av det dugnadsdrivne kulturarbeidet som Norge er kjend for. Samstundes ser vi at det er stor forskjell på økonomiske støtteordningar i frivilligheita mellom t.d. idretts- og kulturlivet.

For å sikre og medverke til eit framleis engasjerande og sprudlande frivillig kulturliv, håper Sogn og Fjordane Ungdomslag at de vil vurdere følgjande innspel i samband med utarbeiding av nytt valprogram:

- **Likebehandling når det gjeld momskompensasjon mellom idrettsanlegg og kulturhus.**

I dag er det slik at dersom eit idrettslag og eit ungdomslag går saman om å bygge nytt kombinert idretts- og ungdomshus, så får idrettslaget full mva. kompensasjon, mens ungdomslaget ikkje får det. Dette syner at ordninga ikkje er rettferdig og at ein ut frå likebehandlingsprinsipp må endre ordninga slik at heile frivilligheita er gjenstand får same ordning. Dette vil òg vere ein forenkling og effektivisering av administrering av ordninga.

- **Gradvis opptrapping av spelemiddelordninga til kulturbygg. I 2013 var ordninga på MNOK 135. I 2020 var den på MNOK 56.**

Det er stort etterslep på oppussing/oppgradering av organisasjonseigde kulturhushus, spesielt når det kjem til universell utforming, og gjere husa tilgjengelege for alle. Behovet er mykje større enn kva som er tilgjengeleg. Det finns inga samla oversikt, men truleg finns det minst 3000 organisasjonseigde kulturbygg i Norge. Utrekning frå Noregs Ungdomslag syner snittkostnad på 400 000,- for renovering av hus eigd av lokallag. Dette indikerer eit behov på 1,2 milliardar for alle organisasjonseigde kulturhus i Norge.